



**Utval:** Arbeidsmiljøutvalet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset  
**Møtedato:** 13.11.2020  
**Møtetid:** 09:00 – 11:45

### Fylgjande faste medlemmer var til stades:

Navn	Funksjon	Representerer
Lillian Olsen Opedal	MEDL	Kommunalsjef
Tone Bøhn	MEDL	HMS-ansvarleg
Astrid Brockhus	MEDL	Bedriftshelsen
Vigdis Øverland	MEDL	Fagforbundet
Sigbjørn Tvitekkja	MEDL	Hovedvernombod
Frid Berge	LEIAR	Konstituert rådmann
Ronde Schade	MEDL	Kommunalsjef
Øyfrid Garborg S Aufles	MEDL	Utdanningsforbundet

### Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

### Fylgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

### Til stades frå administrasjonen:

Navn	Stilling
Ingeborg Nenseter Jensen	Organisasjons- og personalsjef

### Protokollunderskrifter:

Frid Berge

Vigdis Øverland

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til handsaming	
PS 32/20	Godkjenning av protokoll frå førre møte	
PS 33/20	Avvik som har kome inn	
PS 34/20	Orientering om sjukefråvær 3. kvartal 2020	
PS 35/20	Budsjett 2021 med handlingsdel, budsjett og økonomiplan 2021 - 2024	
PS 36/20	Årsmelding for AMU 2019	

## **Saker til handsaming**

### **PS 32/20 Godkjenning av protokoll frå førre møte**

#### **Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 13.11.2020**

Hovedvernombod etterlyser at det må kome fram bekymring for sjukefråvær og avvik ved Seljord barne- og ungdomsskule vidare til administrasjonsutvalet.

Protokollen frå møtet 21. oktober vart samrøystes godkjent med dei kommentarane som er kome inn i arbeidsmiljøutvalet.

#### **Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 13.11.2020**

Protokollen frå møtet 21. oktober er godkjent med dei kommentarane som er kome inn i arbeidsmiljøutvalet.

### **PS 33/20 Avvik som har kome inn**

#### **Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 13.11.2020**

Framlegg til vedtak:

Arbeidsmiljøutvalet oppmodar om at HMS og avviksbehandling skal jamleg vere eit tema i alle delar av organisasjonen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 13.11.2020**

Arbeidsmiljøutvalet oppmodar om at HMS og avviksbehandling skal jamleg vere eit tema i alle delar av organisasjonen.

### **PS 34/20 Orientering om sjukefråvær 3. kvartal 2020**

#### **Rådmannen si tilråding:**

Utvalet tek orienteringa om sjukefråvær for 3. kvartal 2020 til vitande.

#### **Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 13.11.2020**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 13.11.2020**

Arbeidsmiljøutvalet tek orienteringa om sjukefråvær for 3. kvartal 2020 til vitande.

### **PS 35/20 Budsjett 2021 med handlingsdel, budsjett og økonomiplan 2021 - 2024**

#### **Rådmannen si tilråding til formannskapet:**

1. Kommunestyret vedtek forslag til budsjett 2021 og økonomiplan/handlingsprogram 2021-2024 (Gul Bok) slik det ligg føre i innstillinga frå rådmannen.  
Jf. kommunelova § 14-3. 4 ledd, vert framlegg til økonomiplan og årsbudsjett lagt ut til offentleg ettersyn i 14 dagar.
2. Det kommunale skatteøyret vert fastsett til dei maksimalsatsar som Stortinget vedtek.
3. Kommunestyret vedtar følgjande for eigedomsskatteåret 2021 i Seljord kommune:
  - A. For eigedomsskatteåret 2021 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglende for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c.
  - B. For eigedomsskatteåret 2021 skal det òg skrivast ut eigedomsskatt på eit "særskilt fastsett grunnlag" i samsvar med overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2021 vere lik 4/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk, som frå og med 2019 blir rekna som næringseigedom.
  - C. For eigedomsskatteåret 2021 skal det vidare skrivast ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blir rekna som næringseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd.
  - D. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2021 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.
  - E. Eigedomsskatten vert skriven ut i tre terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd, med forfall 20. mars, 20. juli og 20. november.
4. Investeringsbudsjettet vert vedteke slik det går fram av «*Bevillingsoversyn investering*» og «*Investeringar i varige driftsmidlar*». Sum investeringsutgifter i 2021 er kr 36.651.500. Opptak av lån i 2021 er kr 31.326.000. I tillegg kjem kr 1.000.000 i Startlån til vidare utlån.
5. Driftsbudsjettet vert vedteke slik det går fram av «*Bevilgningsoversyn drift, del A og B*». «Sum bevilgningar drift, netto» er i 2021 kr 211.653.050, som er vedteke fordelt på programområder, einingar, ansvar og del av ansvar slik det går fram av «*Bevilgningsoversyn drift del B*».
6. Kommunale avgifter vert vedtekne etter prinsippet om sjølvkost. Innan VARF-området vert sjølvkost rekna ut i frå prinsippet om 100% dekningsgrad. Andre kommunale prisar og gebyrsatsar blir vedtekne slik det går fram av vedlegget «Oversyn over betalingssatsar for kommunale tenester 2021».

### **Handsaming i Velferdsutvalet - 10.11.2020**

Velferdsutvalet tek rådmannen sin innstilling til vitande og kjem med felles framlegg til uttale om budsjett og økonomiplan

- 1 Dei siste åra har vi sett at PO2 og PO3 må ta store kutt, og også mange av dei største kutta. Velferdsutvalet si meining er at det er kutt i desse programområda som fører med seg dei største konsekvensane for lokalsamfunnet og ynskjer at rådmannen ser på kutt i andre programområde.
- 2 Velferdsutvalet ber rådmannen om å sjå på organiseringa av kommunen og korleis kostnadane kan takast ned.

- 3 Velferdsutvalet er uroa over den økonomiske situasjonen som kommunen er i. Særleg alvorleg ser me på at det ikkje er midlar til å styrke PO2 og PO3. Skulle det dei næraste månadene opne seg rom for å auke utgiftene, ber utvalet om at desse områda vert prioritert.
- 4 Velferdsutvalet rår formannskapet til å avslutte samarbeidet med UE og heller satse på lokale samarbeid, m.a med Seljord hage.
- 5 Velferdsutvalet rår formannskapet til å oppretthalde full drift ved Flatdal skule.
- 6 Velferdsutvalet rår formannskapet til å leggje ned Velferdsutvalet frå og med 01.01.2021.

Avstemming på punkt 6: 6 stemmer for og 1 stemme (Kjell Hartberg) mot.

#### **Vedtak i Velferdsutvalet - 10.11.2020**

- 1 Dei siste åra har vi sett at PO2 og PO3 må ta store kutt, og også mange av dei største kutta. Velferdsutvalet si meining er at det er kutt i desse programområda som fører med seg dei største konsekvensane for lokalsamfunnet og ynskjer at rådmannen ser på kutt i andre programområde.
- 2 Velferdsutvalet ber rådmannen om å sjå på organiseringa av kommunen og korleis kostnadane kan takast ned.
- 3 Velferdsutvalet er uroa over den økonomiske situasjonen som kommunen er i. Særleg alvorleg ser me på at det ikkje er midlar til å styrke PO2 og PO3. Skulle det dei næraste månadene opne seg rom for å auke utgiftene, ber utvalet om at desse områda vert prioritert.
- 4 Velferdsutvalet rår formannskapet til å avslutte samarbeidet med UE og heller satse på lokale samarbeid, m.a med Seljord hage.
- 5 Velferdsutvalet rår formannskapet til å oppretthalde full drift ved Flatdal skule.
- 6 Velferdsutvalet rår formannskapet til å leggje ned Velferdsutvalet frå og med 01.01.2021.

#### **Handsaming i Samfunnsutvalet - 11.11.2020**

Samfunnsutvalet tek rådmannen si innstilling til vitande.

#### **Vedtak i Samfunnsutvalet - 11.11.2020**

Samfunnsutvalet tek rådmannen si innstilling til vitande.

#### **Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 13.11.2020**

Framlegg til vedtak:

Arbeidsmiljøutvalet stiller seg bak rådmannen sitt framlegg til budsjett. Arbeidsmiljøutvalet ser med sterk uro på arbeidstilhøva til dei tilsette i økonomiplanperioden. Arbeidsmiljøutvalet meiner det er viktig å skape føreseielege rammer for den omfattande omstillinga som må bli gjort i PO2 og PO3 for å møte den demografiske utfordringa.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 13.11.2020**

Arbeidsmiljøutvalet stiller seg bak rådmannen sitt framlegg til budsjett. Arbeidsmiljøutvalet ser med sterk uro på arbeidstilhøva til dei tilsette i økonomiplanperioden. Arbeidsmiljøutvalet meiner det er viktig å skape føreseielege rammer for den omfattande omstillinga som må bli gjort i PO2 og PO3 for å møte den demografiske utfordringa.

## **PS 36/20 Årsmelding for AMU 2019**

### **Rådmannen si tilråding:**

AMU godkjenner årsmelding for AMU 2019.

### **Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 02.09.2020**

Hovedvernombod v/Sigbjørn Tvitekkja har innspel til sjukefråvær som kjem fram i årsrapporten. NAV rapportera mykje høgare sjukefråvær for Seljord kommune som bedrift enn det vi gjer sjølv. I våre eigne tal ligg også eigenrapportera sjukefråvær. Hovedvernombod ønskjer ikkje å godkjenne rapporten før tala er kvalitetssikra. HVO ber om at NAV vert invitert til å leggje fram sine statistikkar på sjukefråvær i neste møte i AMU.

Forslag til nytt vedtak i AMU:

AMU godkjenner årsmelding for AMU 2019, for utanom tala knytt til totalt sjukefråvær i prosent. Våre eigne tal for sjukefråvær har for stort avvik frå NAV sine tal. AMU ber om at tala knytt til sjukefråvær vert kvalitetssikra. Rapporten vert ikkje sendt vidare til Administrasjonsutvalet før heile rapporten er godkjent. Saka kjem opp som ny sak i neste møte.

Samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 02.09.2020**

AMU godkjenner årsmelding for AMU 2019, for utanom tala knytt til totalt sjukefråvær i prosent. Våre eigne tal for sjukefråvær har for stort avvik frå NAV sine tal. AMU ber om at tala knytt til sjukefråvær vert kvalitetssikra. Rapporten vert ikkje sendt vidare til Administrasjonsutvalet før heile rapporten er godkjent. Saka kjem opp som ny sak i neste møte.

### **Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 13.11.2020**

Framlegg til vedtak:

Arbeidsmiljøutvalet har fått forklaring på bakgrunnstal for sjukefråværsstatistikk produsert av Seljord kommune og statistikk produsert av NAV. Årsmelding rapporterer på tal frå begge partar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 13.11.2020**

Arbeidsmiljøutvalet har fått forklaring på bakgrunnstal for sjukefråværsstatistikk produsert av Seljord kommune og statistikk produsert av NAV. Årsmelding rapporterer på tal frå begge partar.